

Framlegg til vedtak: Den noverande ordninga med påskjøningsmidlar til master- og phd-rettleiingar bør endrast frå og med 2012. Rådet ved institutt for framandspråk tilrår følgjande nyordning:

(a) Ordninga med påskjøningsmidlar til rettleiingar av masterstudentar vert avslutta frå og med 2012.

(b) Kvart år vert det sett av ein sum tilsvarande påskjøningsmidlane for masterrettleiinga til to føremål: først driftsmidlar til alle fast vitenskapleg tilsette (3000 årleg pr person), deretter vert resten av summen lagt til midlane som vert lyste ut til forskings- og publiseringstøtte ved instituttet.

(c) Ordninga med påskjøningsmidlar til rettleiingar av phd-stipendiatar held fram som før.

Nedanfor vert det kort gjort greie for bakgrunnen for denne saka, situasjonen ved andre HF-institutt og synspunkta som har kome fram i den interne høyringa ved IF. Til sist vert framlegget til nyordning drøfta nærare.

I. Bakgrunn

Ordninga med påskjøningsmidlar – òg kalla belønningsmidler eller rettleiingspengar – har vi hatt i mange år. Dette er løyvingar fakultetet har gitt institutta på grunnlag av studentane som har gjennomført master- og phd-studiet. Ein ferdig master har gitt instituttet 20.000 etter normert tid og 5.000 kroner etter lengre tid. Ferdige doktorgradskandidatar har gitt 45.000 kroner for kvinner og 35.000 for menn når kandidaten har levert på normert tid. Kandidatar som har brukt lengre tid, har gitt 15.000 (kvinner) eller 10.000 (menn). Av desse summene har dei siste åra halvparten gått til felleskassa ved instituttet og den andre halvta til rettleiingar.

Totalt fekk IF kvart av åra 2008, 2009 og 2010 om lag 700.000 kroner som premiering for avlagde master- og doktorgradar. Denne overføringa har tidlegare blitt delt med 70 prosent til rettleiingar og 30 prosent til felleskassa. Instituttrådet endra dette i møtet 10. desember 2009 (sak 6), slik at det i 2010 gjekk ein like stor del av midlane til felleskassa som til rettleiingar. Instituttet forplikta seg samstundes til å bruka sin halvpart til å støtta publisering og forskingsføremål. Bakgrunnen for vedtaket var den vanskelege økonomiske situasjonen. Ordninga med lik fordeling mellom rettleiingar og institutt er vidareført i 2011.

Ser vi på fordelinga mellom dei to nivåa, har phd-rettleiinga stått for om lag 20 prosent av påskjøningsmidlane dei seinare åra. Resten – 80 prosent – har vore knytt til masterrettleiinga.

Rettleiinga har sjølv sagt gitt den enkelte læraren utteljing også i arbeidstidsrekneskapen, på line med andre undervisningsoppgåver. Påskjøningsmidlane har kome i tillegg til dette og vore ei unik ordning knytt til rettleiinga på høgare nivå. Den enkelte har kunna bruka pengane rimeleg fritt til forskingsrelevante føremål. Midlane har naturlegvis premierte dei tilsette som har vore rettleiingar for mange master- og doktorgradsstudentar, og som har fått desse gjennom studiet – helst på normert tid. Det er historiske årsaker til at ordninga med påskjøningsmidlar til rettleiingar i si tid vart etablert av departementet. Seinare er ordninga ført vidare av fakultetet. I dag kjenner vi ikkje til andre fakultet ved UiB eller andre høgare utdanningsinstitusjonar som tildeler individuelle påskjøningsmidlar for rettleiing på høgare grad.

Frå og med i år, 2011, har fakultetet innført ein ny budsjettmodell. Dermed er det òg slutt på at instituttet får overført øyremerkte påskjøningsmidlar. Tidlegare var driftsbudsjetta til institutta tufta på ei rekkje meir eller mindre historisk baserte overføringar, m.a.

påskjøningsmidlane. Frå og med 2011 er dette skifta ut med ein modell der driftsbudsjettet til instituttet i all hovudsak vert gitt ut frå ein del målbare resultat innanfor utdanning og forskning. Fakultetet gjev altså ikkje lenger institutta påskjøningsmidlar for rettleiinga på høgare grad. IF er dermed heller ikkje *forplikta* til å føra vidare ordninga, men kan fritt avgjera om ho skal halda fram, avviklast eller førast vidare i ei endra form.

II. Andre institutt ved HF

Etter at det vart slutt på øyremerkinga av påskjøningsmidlar frå fakultetet til institutta, er det altså opp til det einskilde instituttet å avgjera om ordninga skal førast vidare. Litt ulike modellar er valt, men både AHKR, LLE og FoF har framleis ei ordning med påskjøningsmidlar for rettleiing.

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitskap (AHKR) held fast på ordninga med påskjøningsmidlar for både master- og phd-rettleiing (sjå sak 02/2011 frå instituttrådet, <https://www.uib.no/ahkr/artikler/2011/04/innkalling-og-sakspapirer-2011>). Samstundes har instituttet krympa avstanden mellom normert og ikkje-normert tid, og det blir ikkje lenger skilt mellom kjønna i satsane. AHKR gjev rettleiarane 10.000 kroner for masterstudentar på normert tid og 5.000 for dei som brukar lengre tid. På doktorgradsnivå er satsen til rettleiar 20.000 for normert tid og 10.000 for lenger tid. AHKR har dessutan innført ei ordning med individuell påskjøning for publiseringspoeng, og i 2011 får forskarane ved dette instituttet 2.500 kroner i påskjøningsmidlar for kvart publiseringspoeng.

Institutt for filosofi og førstesemesterstudium (FoF) følgjer framleis dei gamle satsane med 70 prosent til rettleiar og 30 prosent til instituttet for kvar master- og phd-kandidat. Den same fordelinga gjeld inntil vidare ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE).

III. Drøfinga av spørsmålet ved IF

Spørsmålet om framtida for påskjøningsmidlane ved IF har vore drøfta fleire gonger. Rådet ved IF gjorde 8. desember 2010 følgjande vedtak:

Instituttleiinga følgjer opp spørsmålet om framtida for påskjøningsmidlane i tråd med det framlagte notatet og drøftinga i rådsmøtet. Det blir gjennomført ei intern høyring ved instituttet før saka vert lagd fram til vedtak i instituttrådet våren 2011.

Saka vart 3. februar i år sendt ut til alle ved instituttet, og fagkoordinatorane vart bedne om å drøfta saka i lærarmøte og melda tilbake til instituttleiinga innan 15. april. Berre to fag, engelsk og fransk, har meldt tilbake, og ingen individuelle kommentarar er sende inn skriftleg.

Dei tilsette på engelsk drøfta spørsmålet i lærarmøte 30. mars, og det var semje om at det noverande systemet burde endrast. Særleg vart det lagt vekt på at den sterke koplinga mellom påskjøningsmidlar og rettleiingsansvar for masteroppgåva var problematisk. Lærarmøtet drøfta to alternative modellar. Den eine modellen fordeler påskjøningsmidlar nøyaktig kalkulert ut frå faktorar som vitskapleg produksjon, produktivitet i faggruppene i form av studiepoeng, rettleiing av phd- og masteroppgåver, og dessutan ein fast sum som vert distribuert til alle vitskapleg tilsette. Som sterke sider ved dette framlegget, vart det vist til at ordninga ville vera forutseieleg og dessutan minimalisera byråkratiseringa.

Denne modellen vart støtta av eit mindretal i lærarmøtet på engelsk. Eit knapt fleirtal støtta ein alternativ modell der alle vitskapleg tilsette får ein flat sum (helst godt over dei 2000 kronene som er gitt i år, kanskje opp til 4000, eventuelt ein varierande sum som blir justert årleg etter dei økonomiske rammene). Resten av dei tilgjengelege midlane bør etter dette framlegget gå inn i ein felles pott der dei vitskapleg tilsette kan søkja om midlar. Denne modellen går altså inn for å avvikla koplinga mellom rettleiing og tildeling av driftsmidlar. Tilhengjarane av denne fleirtalsmodellen kritiserte mindretalsmodellen for å verka usolidarisk og komplisert, og at koplinga mellom midlar og studiepoeng var uheldig sidan dette t.d. kunne føra til eit kunstig press for å stryka færre studentar.

På fransk fekk modell E i notatet som vart sendt ut frå instituttleiari tidleg i februar, støtte frå alle som uttalte seg:

Instituttet held fram med påskjøningsmidlar. Midlane blir basert på ulike faktorar, m.a. vert det gitt uttelling for å ta på seg større verv ved instituttet (fagkoordinator, undervisningsleiar, forskingsleiar).

Her vart det argumentert med at påskjøningsmidlar er kjærkomne til individuelle forskingsføremål og dessutan ubundne av søknadsfristar. I tillegg gav fem av seks lærarar støtte til prinsippet i modell B om at påskjøningsmidlar på master- og phd-nivå ikkje bør gje ulike summar for normert og ikkje-normert tid. Argumentet her var at rettleiar ofte vil ha meir arbeid med studentar som brukar lenger tid, og at påskjøningsmidlane nesten kan verka korrupperande. Vidar vart det hevda at det heller ikkje alltid var best for kandidaten å bli ferdig på normert tid. Ofte kunne det vera viktigare å få tid til å gjera seg ferdig fagleg sett og få ein betre karakter. Lærarmøtet på fransk ønskte dessutan å avvikla systemet med høgare premiering for kvinner (phd), fordi det ikkje verkar relevant for faga våre. Vidare var det semje om at ein bør redusere satsane til rettleiarar noko, slik at det kan verta meir til ein felles forskingspott. Fleirtalet gjekk dessutan imot framlegget om individuell premiering av publisering. Argumentet her var i tråd med den generelle kritikken av "teljekantsystemet".

Andre lærarmøte enn fransk og engelsk melde ikkje inn synspunkt i saka.

IV. Framlegg til ei ny ordning

Instituttleiari gjer altså framlegg om å avvikla ordninga med påskjøningsmidlar for masterstudentar, men halda fram med ordninga for phd-kandidatar.

Generelt kan det innvendast mot ordninga med påskjøningsmidlar at det enkelte faget og den einskilde rettleiaren har lita styring med tilgangen på studentar. Her er m.a. den generelle tilstrøyminga til faget og fordelinga mellom disiplinane internt viktige faktorar på masternivå. På doktorgradsnivå er det som kjent svært avgrensa opptak. Det er derfor i mange tilfelle lite den enkelte kan gjera for å betra sin eigen situasjon i "tevlinga" om desse midlane. Rammevilkåra er ulike frå fag til fag og mellom dei ulike disiplinane.

Trass i dette vil instituttet likevel i denne omgangen velja å halda fast på ordninga med påskjøningsmidlar på phd-nivået. Argumentet her er at rettleiinga på phd-nivå er såpass krevjande at det kan forsvarast å halda fram med ei premiering i form av driftsmidlar. Her foreslår vi å følgja satsane frå AHKR: 20.000 kroner til rettleiarar for kandidatar som leverer på normert tid, 10.000 for dei som brukar lenger tid. Her er gapet mellom normert og ikkje-normert redusert noko samanlikna med i dag. Det er likevel ikkje fjerna, sidan det normalt er eit gode for både kandidaten, instituttet og samfunnet at prosjektet vert gjennomført på normert tid (fødselspermisjonar og sjukmeldingar gjev utvida tid og skal dermed ikkje vera til hinder for gjennomføring på normert tid). Sett i lys av at mange av stipendiatane ved IF er kvinner, synest det ikkje naudsynt å halda fram med ulike påskjøningssatsar ut frå kjønn.

Avvikling av ordninga med påskjøningsmidlar for masterstudentar og innføringa av den skisserte nyordninga vil gje to klare føremoner for forskarane ved instituttet:

For det første vert det stilt til rådvelde ein flat sum for kvar fast tilsett forskar. Denne summen er foreslått heva til 3.000 kroner, i tråd med argumentasjonen frå lærarmøtet på engelsk. Dette er driftsmidlar til forskingsføremål. Desse midlane gjer at den enkelte kan vera trygg på å ha disponibel ein minimumssum til kjøp av bøker o.l., og administrasjonen vil bli spart for førespurnader og småsøknader.

For det andre vil resten av det som tidlegare var påskjøningsmidlar for masterkandidatar, bli lagt til den generelle summen som instituttet kvart år lyser ut til forskings- og publiseringsstøtte. Denne summen vil dermed auka monaleg, og det er lett å argumentera for at ein slik søknadsbasert pott vil premia dei beste prosjekta – uttrykt gjennom dei beste søknadene.

Eitt av institutta (AHKR) har innført ein modell som òg inkluderer påskjøningsmidlar for publiseringspoeng. Også mindretalsframlegget frå lærarmøtet på engelsk inkluderer premiering av publikasjonspoeng. Det kan argumenterast for dette ut frå eit ønske om å hjelpa fram og premia publiseringa ved instituttet. Forskingsresultat har til no ikkje vore premierte gjennom påskjøningsmidlar ved IF, og forskingsdelen av stillinga er også "usynleggjort" i det noverande systemet for registrering av undervisning og administrative oppgåver ved instituttet (arbeidstidsrekneskapen). Vi har på den andre sida ikkje registrert noko utbreidd ønske ved instituttet om å innføra ei premiering av forskingsresultat i form av individuelle driftsmidlar. Dessutan kan det innvendast mot denne typen premiering – som mot all anna premiering – at ho er selektiv og aldri vil yta full rettferd for den innsatsen den enkelte gjer. Instituttleiari viser samstundes til at eitt av kriteria for tildeling av forskings- og publikasjonsmidlar frå instituttet etter søknad er "akademisk CV (gjennomføring av tidlegare prosjekt, publikasjonar m.m.)".

Instituttet vil med modellen som er foreslått, få ein større samla pott til forskings- og publiseringsstøtte. Samstundes vil ikkje summen vera låst fast, og vil variera etter dei økonomiske rammene. Utgangspunktet vil vera at *potten frå og med 2012 består av a) midlar tilsvarande det som tidlegare har vore gitt som påskjøning for masterrettleiing pluss b) ein sum som tilsvarar tidlegare års avsetningar til forskings- og publiseringsstøtte*. Dermed er det viktig å passa på at overføringa av mastermidlane til den samla potten resulterer i ei varig utviding av midlane som blir lyste ut til forskingsføremål ved instituttet. Her kviler det eit ansvar på både instituttleiinga og instituttrådet, som vedtek årsbudsjetta.

Samstundes med utvidinga av potten til forskning og publisering, ønskjer instituttet å innføra to årlege søknadsfristar som ei fast ordning. Den første fristen bør vera i slutten av året før. Denne fristen vil klarera midlar til prosjekt tidleg i budsjettåret. Den neste fristen bør, som tidlegare, leggjast til like etter at Meltzertildeinga er blitt kjent. Med eit slikt opplegg kan ein t.d. setja opp 15. november i år og 10. mars neste år som søknadsfristar for instituttmidlar til forskning og publisering i 2012.

Instituttleiari vil runda av med å streka under at det er mange innfallsvinklar og ingen fasit til spørsmålet om framtida for påskjøningsmidlane ved instituttet. Det er dessutan berre to av lærarmøta som har uttalt seg om saka, og dermed blir den interne høyringsrunden mindre retningsgjevande enn han kunne ha vore. Drøftinga i rådet vil derfor vera svært viktig for den modellen som vert valt framover.

Bergen 10. mai 2011

Leiv Egil Breivik,
instituttleiari

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef